

Barnas Turlag Masfjorden  
v/ Laila Haukeland  
5986 Hosteland

Hosteland, 20. juli 2015

NVE  
v/ sakshandsamar Anette Ødegård  
Middelthunsgt. 29  
0301 Oslo

### **Protest mot kraftleidning frå Dalsbotnfjellet til Frøyset.**

Viser til dykkar informasjonsmøte i Vidsyn, Sløvåg 10. juni, og sender dykk denne innvendinga frå Barnas Turlag Masfjorden.

Vi er svært oppbrakt og triste for at det siste urørte nærrområde for friluftsliv no vært rasert med bygging av ei 132 kV kraftleidning frå Dalsbotnfjellet til Frøyset, då særskilt med tanke på det flotte turområdet Myrdalen. Barnas Turlag skal tilby eit lågterskeltilbod for å komme seg ut i naturen og få gode opplevingar. Det skal òg inspirere til å gå eigne turar med borna.

Det er flott at ein ynskjer å byggje ut med tanke på klimainvesteringar for framtidige generasjonar, men me synes det er frykteleg trasig at det skal gå på bekostning av ei så flott turområdet. At området i det heile er vurdert til å ha liten verdi, både når det gjeld natur, kultur og friluftsliv, stillar vi oss svært undrande til. Myrdalen, og fjella innanfor har **stor lokal** friluftsverdi for oss som bur her. Dette er prøvd dokumentert med vedlagte bilete. Følgjande moment er sentrale for det:

1. Myrdalen er for eit flott dalføre for barn til å utøve friluftsliv; med sakterennande elv og flott døme på tidlegare stølsdrift.
2. Område er lett tilgjengeleg og me har årlege turar inn både i sommar- og vinterhalvåret.
3. Myrdalen har skogsveg på baa sider av dalen, og eigner dalen seg svært godt til rundturar. Ein får god oversikt og landskapsopplevingar frå baa dalsidene. Dette er nytteveggar og gamle ferdsselsveggar, og vert ikkje oppfatta som inngrep i naturen, slik som framande kraftlinjer har.

Det vil vere frykteleg trist om bygging av ei ny kraftleidning skal øydeleggje dette fantastisk flotte landskapet. I søknaden til Zephyr er Myrdalen verken omtalt eller vurdert i friluftssamanheng. Berre på den andre sida av fylkesgrensa. Håpar dei vedlagte bileta syner kor viktig dette landskapet er for oss som nyttar det.

Med vennleg helsing

Laila Haukeland  
Barnas Turlag Masfjorden  
leiar

**Myrdalen er eit svært verdifult område for lokalsamfunnet. Det finst ingen andre stader i nærområdet med slike kvalitatar:**

Flott saktegåande elv som er trvgg for leik.



Fint stølsområde med støl halde i god stand. Har vore nytta i formidlingssamanheng.



Lett tilgjengeleg for å frakte opp utstyr.





Bilete til venstre syner litt av det opne vide landskapet i dalen.

Mykje folk, stor og små ut på tur.



Lett terreng å gå i for borna. God oversikt over dalen, på begge sider, gir flotte naturopplevingar utan å måtte bestige fjell. Turen er ypperleg som rundtur; opp den eine veggen og nedatt den andre.



Fint turmål for heile familien, små som store.





Myrdalen vert òg nytta til flotte skiturar vinterstid.

Lett terreng for barn på ski.



*Eit friluftsområde med svært mange gode kvalitetar.*